



Foto: Kjell Herheim, Voss Folkemuseum

VOSS FOLKEMUSEUM

IDÉPROSJEKT FOR
NY BASISUTSTILLING

SixSides 

4. mai 2016

INNHALD

1	Bakgrunn	3
2	Mål	4
3	Målgrupper	4
4	Formidlingsstrategiar	5
5	Konsept	7
	5.1 Konseptuell plattform: Brurekiste og ferdaminne	8
	5.2 Formidlingsperspektiv: Voss og vossingane. Individ og samfunn	9
	5.3 Prinsipp for utforming: Langbord og rekkjetun	11
6	Løysing	14
	6.1 Planteikning	15
	6.2 Publikumsflyt	16
	6.3 Dramaturgisk oppbygning	17
7	Løysingsskisser	18
	Opptakt	
	Introduksjon Voss og vossingane	
	Hovudscene 1: Brurefylgjet	
	Hovudscene 2: Jernbanen kjem..	
	Hovudscene 3: Nye spor...	
	Fordjupning i ulike kuturområde	
8	Romlige grep	30
	8.1 Basisutstilling, temporære utstillingar og andre formidlingstilbod ved museet	
	8.2 Fargar og materialbruk	
	8.3 Utstillingsarkitekturen og utstillingsmøblar	
	8.4 Utstillingslys	
	8.5 Teknisk infrastruktur	
	8.6 Temporært areal	
9	Kostnadsestimat og realiseringsplan	37
	9.1 Kostnadsestimat	38
	9.2 Overordnet framdrift	39

1. BAKGRUNN

Voss folkemuseum har sidan 2013 hatt eit mål om å endra basisutstillinga i samlingsbygget. Den noverande utstillinga har stått relativt uendra sidan bygget opna i 1985. Sjølv om delar av utstillinga har vore endra, har det overordna grepet vore det same – ei utstilling som stort sett handlar om jordbrukssamfunnet Voss fram mot 1900. Museet ynskjer seg no ei utstilling som femner vidare – både med tanke på innhald og aktuell tidsperiode.

Med utgangspunkt i kvalitetane frå den gjenstandsbaserte utstillinga om jordbrukssamfunnet fram til 1900, er ynsket at den nye utstillinga med nye og kjente virkemiddel skal formidla forteljingar om korleis samfunnet har utvikla seg til det me kjenner på Voss i dag.

Ei intern utstillingsgruppe har sidan hausten 2014 arbeidd med planane for den nye basisutstillinga. SixSides vart engasjert for å gjennomføra eit idéprosjekt for den nye utstillinga. Voss folkemuseum hadde som mål å ha heile utstillinga ferdig til 2017, då museet fyller 100 år. Dette vert vanskelig, og det vert no lagt opp til ei utvikling i tre fasar; noko i 2017, noko i 2018 og resten i 2019.

2. MÅL

Utstillinga skal formidle korleis Voss er vorte det samfunnet det er i dag.

3. MÅLGRUPPER

1. Lokalbefolkninga i regionen
2. Born og ungdom
3. Turistar
4. Entusiastane

Andre målgrupper:

- Bedrifter
- Nye Vossingar (innflyttarar)
- Pensjonistar

4. FORMIDLINGSTRATEGIER

Ulik besøksmotivasjon vert møtt med ulike formidlingsformer

Målgruppene spenner vidt, frå dei som er godt kjende med både staden Voss og tradisjonane her, til turistar som under eit kort opphald her ynskjer å samla nokre glimt av korleis vossingane lever, og av det som er særmerkt for Voss. I staden for ei utstilling med eigne soner eller studierom for dei ulike målgruppene vert basisutstillinga bygd opp slik at den gjennomgåande har variert formidling. Då vil utstillinga fungera best for ulike menneske som ser utstillinga saman.


Kvart tema vert formidla med fleire ulike formidlingsformer. Ein gjenstand kan verta forklart med tekst, foto eller på annan måte, men kan òg ha ein aktivitet eller ei oppgåve knytt til seg, og det kan òg verta ei eiga barneløype for dei minste.

Nivåoppbygd formidling

Kvart tema vert presentert med informasjon på ulike nivå. Det fyrste nivået vil ha vekt på sanseleg og visuell formidling. Utstillinga vil i høg grad vera gjenstandsbasert, slik òg den noverande utstillinga er, med utgangspunkt i ei gjenstandssamling som fungerer godt til ei meir sanseleg stimulerande formidlingsform.

Fordjupingsinformasjon vert presentert i eit mindre plasskrevjande omfang, med tekst og bilete. Dette kan gjerast digitalt, eller det kan få ei fysisk utforming, som til dømes ved å integrera arkivskap utstillinga. Den noverande presentasjonen av bringklutar er eitt av fleire tema som eignar seg godt for slik fordjupingsinformasjon.

Mange som besøker museet i dag har relativt god kunnskap om tema og objekt. Dei flotte og rike magasina ligg lett tilgjengeleg frå resepsjonen, og museet bør prøva å leggja til rette for besøk eller omvisingar i magasinet, når det er kapasitet til det.



Å læra gjennom å gjera

I utstillinga vert det lagt til rette for ulike aktivitetar, der publikum sjølv kan undersøkje ulike emne. Mange av emna handlar om formidling av taus kunnskap. Om ikkje utstillingsrommet er ideelt for tilverksprosessar, bør aktivitetsstasjonar i utstillinga tilby nærleik til material og forståing for kunnskapsområde som tekst eller illustrasjonar ikkje kan formidla på same måte.

4. FORMIDLINGSTRATEGIER

Aktiviteter og samhandling – ei sosial oppleving

Barn og unge er ei viktig målgruppe. Dei som kjem på klassebesøk treng eigne opplegg, men like viktig er barnefamiliar eller besøk saman med besteforeldre, andre mindre grupper med både born og vaksne som kjem forbi museet på ein helgetur, eller som søker etter kunnskapsbaserte aktivitetar.

Det er viktig å leggja til rette for aktivitetar og formidlingsformer som skapar samhandling, og som får dei besøkande til å snakka saman om kva dei observerer. Fleire barnevenlege aktivitetar, saman med meir fordjupingsformidling for dei vaksne, kan gje museet fleire besøkande, som får ulike tilbod på same tid, der dei går saman i utstillinga. Installasjonar med aktivitetar bør kunna brukast i samhandling med andre.

Utstillingar vert ofte lagt til rette for kvar individuell besøkande, med høge veggmontrar eller bilete på veggane. I denne utstillinga vil det sosiale bli teke vare på, ved at utstillinga får ei utforming som gjer at ein naturleg kan stilla seg rundt informasjon og display, og sjå kvarandre samtidig som ein ser på utstillinga, for eksempel med eit bord som utstillingsflate.

Fleire besøk

Med lokale og regionale besøkande som den viktigaste målgruppa vert det viktig å leggja til rette for at dei besøker museet fleire gonger. Utstillinga må utformast slik at dei besøkande kan venda tilbake fleire gonger, utan å få ei kjensle av at dei har gjort seg ferdig med opplevinga. På den eine sida bør det leggjast opp til element som kan endrast, men også i utforminga av utstillinga vert det viktig at innhaldet kan «sjåast frå fleire sider», og at dei besøkande kan gå fleire vegar.

Aktivitetar og attraksjonar bør altså utformast slik at dei besøkande kjem attende for å oppleve utstillinga ein gong til.



5. KONSEPT

Konseptuell plattform: "Brurekiste og ferdaminne"

Formidlingsperspektiv: "Staden og folket"

Prinsipp for utforming: "Langbord og rekkjetun"



5.1 KONSEPTUELL PLATTFORM

BRUREKISTE OG FERDAMINNE

Brurekista og ferdaminne vert brukt som eit mentalt motiv/som metafor for forteljargrepet i utstillinga.

Brurekiste

Brurekista vart førebudd til den store overgangen frå born til vaksen, og vart fylt med arv og verdiar ein skulle ta med seg inn i det nye livet. Gjennom å førebu denne kista fekk barnet kunnskap det vart viktig å ta med seg. Men som med folkekunst generelt var symbolverdien vel så viktig som nytteverdien, og brurekista vart brukt til å kommunisera status og verdiar.

Voss folkemuseum er den viktigaste beraren av kulturarv i vossebygda og regionen. Voss Sokneselskap tok til med innsamling av kulturhistoriske gjenstandar mot slutten av 1800-talet, nærmast som ein redningsaksjon, og Voss folkemuseum tok seinare over desse samlingane. Frå 1917 har museet forvalta og formidla den felles kulturarven og det felles samfunnsminnet for bygda. På eitt vis kan museet vera ei kollektiv brurekiste som kan opnast og pakkast ut i utstillinga, og slik kommunisera arven og verdiane museet vil fortelja at vossingane har til felles.


Ferdaminne

Den nye utstillinga skal visa korleis Voss har vorte det samfunnet det er i dag: Det handlar om utviklinga frå eit førmoderne bondesamfunn til det moderne samfunnet i vår tid. Eit ferdaminne er reisebrevet til dei reisande; her møter me kulturhistoria til Voss, fortalt av vossingane sjølv. Tre stopp i denne ferda er hovudsonene i utstillinga: Voss var frå gammalt av eit tilnærma reint bondesamfunn. Då Vossbanen opna i 1883 tok bygda dei fyrste stega på veg mot eit moderne samfunn. I nyare tid har Voss utvikla seg til eit regionalt fritids- og sportssenter.



Foto: Kjell Herheim, Voss Folkemuseum

Ferdaminni Vinje
første nynorsk
utgivelse



5.2 FORMIDLINGSPERSPEKTIV

STADEN OG FOLKET

Stadsidentitet ligg både i dei typiske kjenneteikna og føresetnadene til ein stad, og det ligg i personane som kjenner at dei høyrer til der. Forteljingane om samfunnet Voss handlar både om staden og dei som kjenner at dei høyrer til der; Voss og vossingane.

Kvart av dei utvalde kulturområda i utstillinga vert presenterte i eit samfunnsperspektiv og på individnivå. Med individperspektivet vert liva til enkeltmenneska formidla på ein konkret måte, som publikum kan kjenna igjen og relatera seg til. På denne måten får me fram mangfaldet av liv og identitetar som finst i regionen, samstundes som me kan framheva utvalde personar som har markert seg på sine område. Individuelle røyster kan få sleppa til i formidlinga til museet, og slik kan utstillinga romma heterogene opplevingar av Voss som samfunn, til dømes for å sjå utviklinga i Myrkdalen både frå jordbruks- og turismeperspektiv.

Parallelt med samfunnsutviklinga følgjer eit moderne syn på individet. Bak omgrepet folkekunst ligg ein idé om at noko er felles, at det er eit kollektivt uttrykk som vert praktisert. Kunstnaren bak uttrykket vert i mindre grad lagt vekk på. I moderne tid har me eit anna syn på individet. Kunstnaren bak vert viktig, me legg vekt på opphavsmenn, på skaparkrafta og på avtrykket til individet. Portrettet til den enkelte vert viktig, og her kan museet gjera seg nytte av den unike Herheim foto-samlinga. Med moderne livsførsel følgjer eit skilje mellom arbeid og fritid, og Voss vert ein tidleg arena for fritidsaktivitetar.



Foto: Kjell Herheim, Voss Folkemuseum



Foto: Per Sæbø, NF



Visitvoss kampanje

TO GJENNOMGÅENDE PERSPEKTIV


Dei ulike kultur/temaområda i utstillinga vert presenterte i to ulike perspektiv. Dette kan organiserast på ulik måte, rundt ulike temastasjonar. Me kan dela utstillingsarealet i to, der ulike tema-presentasjonar har høvesvis samfunns- og individperspektiv. Alternativt kan ei temasone innehalda begge perspektiva.

Éin moglegheit er å presentera utvalde nøkkelobjekt frå ulike perspektiv. Frå ei side møter me det objektet fortel oss om samfunnet i samtida. Frå ei anna side kan me opna ei forteljing om kven som har laga, brukt eller eigd gjenstanden.


Dei ulike perspektiva kan vera til stades i alle scener, men med ulikt grafisk uttrykk som understrekar at dei er ulike perspektiv. Kontrastar kan uttrykkest med ulik formuleringsform og visuell form, ulike skrifttypar (antikva kontra grotesk), fargenyansar eller andre lett atkjennelege gjennomgåande grep.

Mangfaldet til vossingane kjem tydeleg til uttrykk med ein gjennomgåande bruk av sitat om vossebygda frå ulike tider.


STADEN OG FOLKET



Dei to perspektiva vert presenterte i intruksjonszonen



Utstillingsarealet kan delast i to




Dei ulike perspektiva kan vera til stades i alle scener i ulik form

5.3 PRINSIPP FOR UTFORMING


LANGBORD OG REKKJETUN

Utviklingsforteljinga om Voss har ikkje klare brot, det er ikkje snakk om eit hamskifte. Jordbrukssamfunnet veks seg moderne lapp for lapp. Desse overlappende forteljingane vert som renningar gjennom utstillinga.


Tre stopp i utviklingsforteljinga vert dei tre hovudscenene i utstillinga. Rundt desse tre hovudscenene kan publikum gå djupare inn i dei ulike kulturområda som er særreigne for Voss. På enkelte kulturområde handlar det om å ta vare på kulturarven, på andre område lever tradisjonar vidare i ei ny form i ei ny tid. Dei ulike prosessane i kvart område vert gjort synlege på tvers av hovudutviklinga frå eit jordbrukssamfunn til det samfunnet me har i dag. Dei utvalde kulturområda kryssar over dei tre hovudemna, og utstillingsarkitekturen vert utforma i tråd med denne overlappinga.



Samfunnsutviklinga er overlappende



Prinsipp for hovudscenene



Prinsipp for rekkjetun

LANGBORD


Tre langbord med ulike tidsbilete vert hovudsce-
nene i den nye utstillinga. Dei er ikkje tidsspesi-
fikke, men grovt kategorisert slik:

- Brurefølget: jordbrukssamfunnet
- Jernbanen kjem: den moderne tid
(industrialiseringa av Noreg på 1900-tallet)
- Nye spor: vår tid.

Det fyrste bordmotivet finst alt i utstillinga: Eit
langbord med utskorne trefigurar, som viser eit
ridande vossebryllaup. Dei to neste stasjonane
repeterer motivet.

Borda er langbord frå samlinga til museet.
Å bruka langbord på denne måten skapar ein
fin arena for samhandling. Borda vil dermed
fungera godt som stoppestader for grupper med
omvisar, men òg for barnefamiliar som saman
kan undersøkje det som er stilt ut på bordet.

Installasjonane kan gjerne innehalda aktivitetar
og fleire lag med informasjon, slik at under-
søkinga vert lenger. Uttrykket på kvar stasjon
kan spela på kjende tidsspesifikke uttrykk, slik
tilfellet er med det utskorne brurefølget.




REKKJETUN: LAPP PÅ LAPP


Museets arkitektur er inspirert av rekkjetunet Mølster, der ei rekkje hus byggjer på og grip inn i kvarandre, lapp på lapp. På same vis er prosessen innanfor dei utvalde kulturemna gjennom historia. Også utstillingsarkitekturen kan innehalda rom, soner og temazøyar som grip inn i og veks på kvarandre.




6. LØYSING



6.1 PLANTEIKNING




6.2 PUBLIKUMSFLYT




Publikum beveger seg ut og inn i utstillinga gjennom same dørøpning. Det er difor ikkje slik at dei besøkande følgjer ei fast rute. Utstillinga må tola å bli passert fleire gonger. Utstillinga vert utforma slik at det vert lett å orientera seg, samtidig som det vert lagt til rette for at publikum kan ta ulike ruter.

Det må vera råd å ha omvisingar med grupper i utstillinga, slik at nokre stader i utstillinga skal det vera plass nok til å samla ei gruppe

6.3 DRAMATURGISK OPPBYGNING



I sone 1 og 2 ligg ei utvikling i forteljinga slik den klassiske dramaturgikurven legg opp til. Sone 3 ligg i klimaksområdet. Viss det ikkje oppstår ei konflikt, jamfør klassisk dramaturgisk oppbygging, bør forteljingane som omhandlar samtida i denne sona by på fleire ulike perspektiv. Utstillinga kan verta meir drøftande, og venda spørsmål om identitet og verdi tydelegare tilbake til den besøkande: Kva slags samfunn har me her? Og kva slags samfunn vil me ha her?



7. LØYSINGSSKISSER



OPPTAKT

Frå resepsjonen og opp trappa kan forventningane til publikum verta bygde opp, før dei eigentlege forteljingane i utstillinga tek til. På same måte som synet av ein vegstrekning i frontruta på ein bil gjev publikum eit hint om emnet i mang ein road-movie, skal publikum her få eit hint om tematikken og perspektivet i utstillinga. Store foto av vossingar frå ulike periodar, jordbruk, det moderne Voss og samtida, kjent og ukjent, fortel oss at det handlar om menneska og livet i samfunnet her – over lang tid. Sitat frå vossingar og andre om vossebygda fortel at det handlar om opplevinga av akkurat denne staden. Eitt og anna lite skatteskrin, utforma som montrar, introduserer vidare språket i utstillinga. Dei små montrane med kulturarv gjer det tydeleg at samlinga er den materielle arven til vossebygda. Fotoa her vil skapa samanheng med fotoet frå bondestemna på Mølstertunet i 1938, som i dag dekkjer bakveggen i museumsbutikken til Voss folkemuseum.



Lars Eskeland Foto: Voss Folkemuseum arkiv



Jonsokblurepar, Foto: Kjell Herheim




Jon Istad, Foto: Kjell Herheim

INTRODUKSJON: STADEN OG FOLKET

De to ulike formidlingsperspektiva, Voss og vossingane, som altså er gjennomgåande i utstillinga, vert introduserte alt i gangen oppe.

STADEN

Utsikta gjennom dei store vindauga på gavlveggen mot Voss sentrum gjer det mogeleg for dei besøkande å verta kjende med det typiske i vossegeografien: Ein rik jordbruksdal med lang historie, som er eit knutepunkt i regionen. Introduksjonen kan gjerne ta form av ein eller fleire geologiske eller geografiske modellar som publikum kan samlast rundt. Ved vindauga kan det i tillegg monterast små informasjonsskilt om det ein ser utanfor vindauga.



INTRODUKSJON: STADEN OG FOLKET

FOLKET

I eit eige filmrom kan det gå ein film med utsegner frå ulike vossingar i loop. Me høyrer representantar frå eldre og yngre generasjonar, med ulik bakgrunn og historie, seia noko om det dei opplever som særlege med vossebygda. Slik vil filmen introdusera det mangfaldet av identitetar vossebygda rommar. Emna vossingane tek opp vil òg introdusera nokre av hovudemna i utstillinga. Filmen bør vera relativt kort, og gå i loop slik at publikum kan koma og gå heile tida. Filmrommet kan òg brukast ved presentasjonar til grupper, til introduksjonar før omvisingar, eller til vising av kortare eller lengre filmar.




Foto: Kjell Herheim




Foto: Kjell Herheim

HOVUDSCENE 1: BRUDEFØLGET


Brurefølget, som står på eit åtte meter langt bord, er ein sterk kunstnarleg installasjon som viser den rike treskjerarkunsten i vossebygda. Kunstuttrykket har sitt opphav i folkekunsten, slik tilfellet er med mange gjenstandar i den rike gjenstandssamlinga til museet. Brurefølget introduserer jordbrukssamfunnet. Med eit motiv frå 1800-talet vert me vitne til eitt av dei viktigaste overgangsritar frå den tida. Det handlar om menneske på veg inn i eit nytt liv, med dei beste verdiane frå fortida som bagasje. I tillegg til å vera ein konkret introduksjon til jordbrukssamfunnet, opnar kunstverket for ei oppleving av rørsle og endring, som er gjennomgåande i utstillinga.

Slik introduserer brurefølget både det samfunnet og den materielle kulturen store delar av gjenstandssamlinga er henta frå. Scena vert entra i lengderetninga til bordet, og i den andre enden av rommet, i eit siktepunkt rett bak brurefølget står ein skatt: ei brurekrone frå Voss, i ein lys-sett monter.

Rommet som rammar inn bordet vert roa litt ned, med tydeleg og roleg innramming av veggane. På veggene på kvar side av rommet vert det fortalt meir om vossingane og jordbrukssamfunnet Voss. Samlinga til museet inneheld fleire figurar utskorne i tre. I lys-sette nisjar i vegg, inn mot filmrommet, vert det felt inn montrar med enkeltmenneske i kvardagsliv, med husdyr, eller med arbeidsreiskapar. I vindauga ut mot Vossevangen ser me Mølstertunet, og publikum får noko informasjon og historiske foto frå jordbrukssamfunnet Voss før 1900.



Vekakruna, Foto: Voss Folkemuseum



Ridande Vossabryllup, G.Brekkhus, Foto: Kjell Herheim

På eit podium ved inngangen til utstillinga står ei brurekiste. Her vert det ein introduksjon om det å ta med røynsler og arv inn i ei ny tid. I dette ligg det ei formidling av korleis og kvifor museet forvaltar det felles samfunnsminnet – heller dette enn ein introduksjonstekst om kva me ynskjer å oppnå med utstillinga.



Treskurne vossingar Foto: Geir Johannesen



Foto: Kjell Herheim



Brurekiste, Foto: Kjell Herheim, Voss Folkemuseum


HOVUDSCENE 2: JERNBANEN KJEM

Motivet frå hovudscene 1 vert henta fram att: Det kan til dømes verta utforma slik at på langbordet er det ein modell av eit tog på veg gjennom dalen, mot det som vert Voss stasjon. Her beitar kyr, her står det hesjer langs skinnene. Bygda er eit jordbruksamfunn, men dersom ein dreg i ein spak med teksten "Voss stasjon 1883" landar det ein stasjonsbygning på husmannsplassen (eller skyssstasjonen) som står i dalbotnen.

Rommet som rammer inn dette vert utforma som i sone 1, med hovudinngang for enden av bordet, og med eit motiv i siktepunktet bak bordet. Dette kan vera klokka på stasjonen, eit symbol på at me går inn i ei ny og effektivitetsorientert tid.




Bulken stasjon, Foto: Norsk Jernbanemuseum



Voss stasjon 1909, Foto: Voss Folkemuseum arkiv

Kanskje kan publikum dra i eit handtak, slik at toget køyrer eit lite stykke? I den same rørsla veks det fram hotell og skular. Ei togvogn eller eit kולי bagasje kan opnast, og her finn publikum dokker og informasjon om dei nye som kjem til bygda: Rallarar, hotelleigarar, turistar, soldatar, osv. Andre kjende vossingar reiser derimot ut i verda – Voss set spor!

På same måte som brurefølgjet kan jernbanemotivet få ei utforming som speglar samtida, altså tida då landet vart industrialisert. Modellbordet har enkle mekaniske installasjonar i tråd med referansebiletet frå industriarbeidarmuseet Lysbuen på Notodden.



Referansebiletet Industriarbeidarmuseet Lysbuen



Referansebiletet modelltog



Klokke, voss stasjon


HOVUDSCENE 3: NYE SPOR...

Siste hovudscene handlar om vår eiga tid. No får fritida meir plass, og i dag assosierer mange Voss med leik, vintersport og hyttekos. Det er ei tid der individet ikkje er like knytt til staden. Ulike interesser rundt det særeigne med staden bør koma fram. Samstundes er dette staden der publikum i større grad vert utfordra til diskusjon og refleksjon. Utsynet mot Vossevangen kan akkompagnerast av opnare spørsmål og utsegner om potensialet til staden.

Dette bordmotivet bør opna for refleksjon rundt kva slags Voss me vil ha. Bordet kan til dømes fyllast av eit stort tredimensjonalt puslespel av Myrkdalen. Kanskje landskapsbrikkene kan ha alternativt bruk av landskapet, som skyskraparar, nye skitrekk, beiteland for sau, eller skog?



Myrkdalen, Foto: Kjell Herheim




Nye spor..



Middagshølo, Foto: Kjell Herheim

Dette skal ikkje berre vera ein leik, men eit utgangspunkt for refleksjon og drøftingar rundt kva slags samfunn Voss er no, og kva slags samfunn Voss skal verta. På bordflata vert det stilt spørsmål eller presentert ulike dilemma. I ein sideinstallasjon kan publikum møta andre meiningsberarar frå i dag. Ein idé kan vera ein film om eit møte mellom bonde, hytteturist og hotelleigar i Myrkdalen.

Denne scenen får den same oppbygginga som dei to andre hovudscene. I siktepunktet etter bordet vert merksemda retta mot bilete av skianlegg eller næringsutvikling. Det kan vera kabinane til den nye Hangursbana, eller noko anna som introduserer ulike tema i bygda. Uttrykket i denne sona bør vera forenkla, leikent og fargerikt, og kan godt spela på animasjons- og spelestetikk og på marknadsføringspråk knytt til fritidsaktivitetar, med reine fargar, naturfoto, og bilete av menneske i aktivitet.



Referansebilete



Referansebilete



Referansebilete



FORDJUPNING I ULIKE KULTUROMRÅDE


Publikum møter utvalde tema eller kulturområde i egne rom, i montrear eller på øyar, som går på tvers av dei lange linene i samfunnsutviklinga. Utstillinga vil vera gjenstandsrik, og me kan gjerne gjera eit utval av nøkkelgjenstandar som vert synlege frå ulike soner.

Med ein slik nøkkelgjenstand som utgangspunkt kan publikum til dømes møta ei festdrakt som frå den eine sida fortel om rang og status i bondesamfunnet, og på den andre sida fortel om handverksteknikkar knytt til drakt og tekstilar. Frå eit moderne perspektiv kan publikum presenterast for Kirsten Valevatn, som kan vera ein representant for korleis handverket vert teke vare på i våre dagar. Ein kan òg nytta drakta for å fortelja noko om kva bunad har å seia for vosseidentiteten i dag.

Det vil òg vera interessant å bruka den rike samlinga for å setja saman gjenstandar med same funksjon eller uttrykk, og gjennom denne samanstillinga visa kontinuitet eller brot innom ulike kulturområde.

På denne måten kan mange tema presenterast, som til dømes folkedrakt, folkekunst, handverk og husflid, mattradisjonar, musikk, språk, skulestaden Voss, skistaden Voss, Voss som handels- og knutepunkt, bygdebyen Vangen, osv.





8. ROMLEGE GREP

8.1 BASISUTSTILLING, TEMPORÆRE UTSTILLINGAR OG ANDRE FORMIDLINGSTILBOD VED MUSEET


Basisutstillinga skal utviklast i samspel med dei andre formidlingstilboda til Voss folkemuseum. Gjennom heile utstillinga er det små vindauge på langveggen mot Mølstertunet og Vossevangen, og desse skal vera synlege. Det er viktig med visuell kontakt til resten av museet og området rundt; heller det enn å skapa ei utstilling som er ei avslutta scenografisk oppleving (som ei black box-utstilling).

Midtrommet fungerer som ei opptakt til utstillinga, og utsynet mot Vossevangen er hovudattraksjonen i dette rommet. Det bør vera informasjon knytt til utsikta, men bortsett frå dette bør det vera lite informasjon i dette rommet. Utstillinga tek fyrst til i sjølve utstillingsrommet.

Det vert bygd opp til introduksjonen i utstillinga, med ein opptakt alt i resepsjonen og på veg opp trappa. Deretter legg me altså opp til ein pause, med unntak av geografimodellane framfor vindauga.

Som i dag vert det ope innsyn mellom salen, som mellom anna vert brukt til større utstillingar, og utstillingsrommet. Utstillingsveggar og andre element i salen bør ha same formuttrykk som i basisutstillinga.

Frå midtrommet er utstillinga utforma med siktepunkt lengre inne i utstillinga, slik at publikum vert dregne djupare inn i utstillinga. Framlegget for sone 1 er ei lys-sett brurekrone på fondveggen.




8.2 FARGEHALDNING OG MATERIALBRUK

Veggflatene er i dag kvitmåla, medan takstolane er brunbeisa. Golvet er teppelagt. Ved ny fargesetting bør fargane på alle flatar sjåast i samanheng, både i utstillingsrommet og salen.

Veggane kan godt få meir kulør, gjerne heilt opp til mønet, og gjerne i djupare tonar i utstillingsarealet. Dei ulike sonene innover i basisutstillinga kan ha ulike fargar eller nyansar, avhengig av korleis den endelege utforminga av sonene vert.

Nytt golvdekke kan vera teppeflis eller linoleumsfliser. Fliser kan gjera det mogleg å endra enkelte felt, og eventuelt ta opp fargehalddningar i enkelte soner.



Referansebilete Munch150 – Nasjonalmuseet



Referansebilete Glyptoteket





Referansebilete Vigelandsmuseet

8.3 UTSTILLINGSARKITEKTUREN OG UTSTILLINGSMØBLER

Utstillinga kan strukturerast med tilførte lettveggar i måla plate-materiale. Montrar og nisjar kan setjast inn i veggane, og det bør leggast opp til ei rekkje gjennomgåande montrar. Oppslag og foto kan gjerne få innfelte nisjar som rammar inn tema, og gjer det mogeleg med gjennomsyn frå eit rom til det neste – i tråd med rekkjetun-metaforen.

Der det er behov for frittstående element, vert montrar plasserte på langborda, slik tilfellet vert i stasjon 2 og 3.



8.4 LYS

Lys/dagslys

I den nye basisutstillinga vil det verta ei meir variert lysoppleving enn tilfellet er i dag. Utstillinga bør ha gjennomgåande lågare lysnivå, ved at den flate lyssetjinga vert slått av i utstillingsmodus.

Takvindauga vert blenda av, men det er likevel ønskjeleg med dagslys inn i utstillinga nokre stader – både av omsyn til dramaturgien, og fordi det kan verka oppkvikkande for publikum. I større grad enn i dag bør ein prøva å utnytte utsikta gjennom dei små vindauga.

Utstillingslys

Utstillinga treng ei ny lysskinne-grid, med fleksible spottar. Skinnene bør pendlast ned, slik at dei fluktar med underkant på dragarane. Skinnesystemet med LED-spottar som hovudutstillingslys. Undervegs vil me vurdera tilrettelegging for programmering med for eksempel Dali eller Crestron. For enklare styring er det viktig med fleire spottar som kan styrast og dimmast, i alle skinner. Det må veljast spottar som kan variera lysspreiing og -effekt. Som hovudvekt søker me mot varmkvit i dei sonene som har forteljingar om kvardagsliv. I utstillingsområda med vindauga mot dalen og i sone 3 kan me vurdera ein kjølegare fargetemperatur.

Utstillinga vil vera rik på gjenstandar. I tillegg til lys frå skinnene bør det leggjast opp til høg grad av integrert lyssetjing i utstillingsmøblar og montrar. Utstillingsarkitekturen legg godt til rette for å dra straum og å integrera mindre LED-spottar og eventuelt band varmen kan verta ført vekk frå gjenstandane.

Ved vask og service vil det vera bruk for ei grunnbelysning som svarar til armaturane som er i bruk i dag, men i utstillingsmodus vil ikkje desse lysa vera tende.



Skinner Erco



LED armatur for monter



LED spott-skinne for monter


8.5 TEKNISK INFRASTRUKTUR

Teknisk infrastruktur ligg over utstillinga. Kabelkanalar kan liggja over eller tett inntil takstolene. Det bør i dette systemet leggjast opp til datasignal-kablar (cat6/7), styrbar straum til lys integrert i utstillingsmøbler, samt datakurs (fast straum). Dette vil seia at all straum og nettverk må hentast ned i utstillingsmøbler frå himlinga, og at det må takast omsyn til dette i utforminga.

8.6 TEMPORÆRT AREAL

Når basisutstillinga vert mykje tettare og meir innhaldsrik, kan salen vis a vis framstå som relativt tom, særleg dei gongene det er veggbaserte utstillingar. Dette kan løysast ved å utvikla mobile veggjar, som kan setjast opp separat og danna eit rom i rommet. Desse må utformast i same stil som i basisutstillinga.

Desse romma i rommet kan ha noko fast innhald, som lett kan fjernast ved plassbehov. Dette kan vera små lausrivne temautstillingar, til dømes om andre verdskrigen, eller ei særutstilling om skulehistorie, med ei skulestove i full storleik. Der kan òg vera aktivitetsinstallasjonar.



9. KOSTNADSESTIMAT OG REALISERINGSPLAN

9.1 KOSTNADSESTIMAT

Interiør/Scenografi (bygging, møblar, grafisk, montering)	1 700 000,-
Utstillingslys/lyd	800 000,-
Medieproduksjon (film, skjerminnhald)	600 000,-
Aktivitetsstasjonar (bygging)	1 000 000,-
Aktivitetsstasjonar (HW/SW/AV)	800 000,-
Honorar (design, grafisk design, prosjektleiing, arbeidsteikningar)	2 800 000,-
Ymse kostnader	300 000,-
Estimatsum NOK eks.mva	8 000 000,-

Føresetnader:

Utstillingsarealet vert levert ferdig klargjort for ei moderne utstilling, med nødvendig infrastruktur for el og data. Grunnbelysning i utstillingsarealet er ikkje rekna inn i estimatet. Det er ikkje teke høgde for eventuelt spesielle klimatiske forhold i lokalet.


Det er ein føresetnad at oppdragsgjevar kostnadsfritt leverer alt fagleg innhald, bilete, arkivmateriale til film, og gjenstandar.

Det er ikkje teke høgde for spesiell sikring av gjenstandar. Dette må detaljplanleggast og løysast i samarbeid med oppdragsgjevar, og vil kunna påverka kostnadsestimatet.

Kostnader for reise, diett og overnatting er ikkje teke med i estimatet.

Estimatet er basert på erfaringstal. Endelige utrekningar må utarbeidast i samarbeid med oppdragsgjevar i hovudprosjektet.

9.2 OVERORDNET FRAMDRIFT





SixSides